

Meland kommune
Kontrollutvalet

Revisors melding til prosjektrekneskap

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Meland kommune for prosjekt nr. 370 – Utbygging Meland sjukeheim, pr. 31.08.2014. Prosjektrekneskapen består av utgiftsoppstilling og kommentarar til rekneskapen og budsjettet. Sum bokførte utgifter i prosjektet er kr 33 962 052.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å utarbeide eit prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane byggjer på revisors skjønn, under dette vurdering av risiko for at prosjektrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeiding av eit prosjektrekneskap som gir ei dekkande framstilling.

Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstende, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av eininga sin interne kontroll. En revisjon omfattar og ei vurdering av om nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om eventuelle rekneskapsestimat utarbeidd av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining gir prosjektrekneskapen for Meland kommune for prosjekt nr. 370 – Utbygging Meland sjukeheim, pr. 31.08.2014, i det alt vesentlege eit uttrykk for prosjektets resultat og stilling i samsvar med kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for rekneskapsavlegging og avgrensa distribusjon

Vi gjer merksam på at prosjektrekneskapen er utarbeidet for å gi informasjon til Meland kommune i forbindelse med evaluering av prosjektet. Prosjektrekneskapen er difor ikkje nødvendigvis egna for andre formål. Vår uttale er berre berekna på Meland kommune sin behandling av denne prosjektrekneskapen. Dette forholdet endrar ikkje vår konklusjon.

Isdalstø, 16.09.2014
Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Detaljert regnskap for prosjekt nr 370 - Utbygging Meland sjukeheim pr 31. aug. 2014

Kolonne navn:

	B	C	D	E		F	G	H	M	N	O	P	Q	R
	2011	2012	2013	2014	Sum	Vedteke Budsjet	Avvik G - F	Prognose total	Avvik progn. vs budsjet	Avvik progn. vs reknesk. M - F	Overf. nytt prosjekt	Rest budsjet proj. 370 G - P	Avvik rest pr. 370 - rekneskap Q - F	
Entreprenørkostnad		702 268	15 637 258	7 806 708	24 146 234	22 447 938	-1 698 296	24 113 178	-1 665 240	-33 056	-	22 447 938	-1 698 296	
Arkitektkostnad	70 000				70 000	240 000	170 000	70 000	170 000	-	-	240 000	170 000	
Byggleiarkostnad	68 179	142 500	183 053	71 421	465 153	402 000	-63 153	523 732	-121 732	58 579	55 000	347 000	-118 153	
Inventar				911 272	911 272	1 500 000	588 728	1 224 000	276 000	312 728	310 000	1 190 000	278 728	
Diverse		12 705	38 111	4 565	55 382	1 500 000	1 444 618	150 817	1 349 183	95 435	100 000	1 400 000	1 344 618	
Prisauke			339 326	511 718	851 045	590 000	-261 045	889 326	-299 326	38 282		590 000	-261 045	
Sum eks mva	138 179	857 473	16 197 748	9 305 684	26 499 085	26 679 938	180 853	26 971 053	-291 115	471 968	465 000	26 214 938	-284 147	
25 % mva	34 545	214 368	4 049 375	2 325 280	6 623 567	6 669 984	46 416	6 742 701	-72 717	119 133	120 000	6 549 984	-73 584	
Sum inkl mva	172 724	1 071 842	20 247 123	11 630 964	33 122 652	33 349 922	227 269	33 713 753	-363 832	591 101	585 000	32 764 922	-357 731	
Kommunale prosjektkostnader			200 000	100 000	300 000	300 000	-	300 000	-	-		300 000	-	
Rentekostnader i byggetida			308 800	198 100	506 900	372 200	-134 700	506 900	-134 700	-		372 200	-134 700	
Gebyrer uten mva			32 500		32 500	-	-32 500	47 500	-47 500	15 000	15 000	-15 000	-47 500	
Samla kostnad	172 724	1 071 842	20 788 423	11 929 064	33 962 052	34 022 122	60 069	34 568 153	-546 032	606 101	600 000	33 422 122	-539 931	
Statleg tilskot 916 000 x 11			7 668 000	4 652 000	12 320 000	10 076 000	2 244 000	12 320 000	2 244 000	-		10 076 000	-2 244 000	
Refusjon av mva	13 818	128 621	3 239 500	2 325 280	5 707 218	5 335 986	371 232	5 826 351	490 366	119 133	120 000	5 215 986	-491 232	
Kommunal eigenfinans. - kap.fond					1 010 136	-1 010 136	-1 010 136	-	-1 010 136	-		1 010 136	1 010 136	
Kommunal eigenfinans. - lån	158 906	943 221	9 880 923	4 951 784	15 934 834	17 600 000	-1 665 166	16 421 802	-1 178 198	486 968	480 000	17 120 000	1 185 166	
Sum finansiering	172 724	1 071 842	20 788 423	11 929 064	33 962 052	34 022 122	-60 070	34 568 153	546 032	606 101	600 000	33 422 122	-539 930	
Finansieringsbehov ekskl. mva-ref.:					28 254 834	28 686 136	431 302	28 741 802	55 666	486 968	480 000	28 206 136	-48 698	

28 254 834
28 206 136
48 698
0,17 %

Kontoart rekneskap:

3200,32300, 32302,32303
32711
32700
32307, 32304
32308

Prosjektregnskapen for utbygging av Meland Sjukeheim pr 31. august 2014 viser at det totalt er påløpt kr 33.962.052,- inkl. mva (kolonne F). Dette er kr 60.069,- (kol H) lågare enn budsjettert på kr 34.022.122,- (kol. G). Tilskotet og bruk av lånemidlar for 2014 er ikkje bokført (celler markert med gult), men tal ført inn i tabellen over skal bokførtast ved mottak av tilskotet.

Prognose for samla kostnad på prosjektet er kr 546.032,- høgare enn budsjettt (kol N), som er avvik mellom sum prognose i kolonne M med kr 34.568.153 minus budsjettt i kolonne G, kr 34.022.122. Finansieringa vert og annarleis enn i vedteke budsjettt. Vi får høgare tilskot enn rekna med (kr 2.244.000,-) og mva-refusjonen vert høgare enn budsjettert (kr 490.366,-). Vi kan difor redusere bruk av fond og låneopptak. Vi gjer framlegg om å ikkje nytte kapitalfond i det heile, då dette kom inn i sluttfasen av prosjekthandsaminga for å dekke opp for manglande lånemidlar. Bruk av lånemidlar vert kr 1.178.198,- lågare enn budsjettert.

Det som gjenstår er mindre arbeid med inventar og utstyr. Det tek noko tid å få dette på plass, og for å kunne avslutte prosjektet og få prosjektrekneskapen revidert, gjer vi framlegg om å avslutte rekneskapsføringa på dette prosjektet pr 31. august 2014. Sluttrekneskapen for prosjektet vert såleis lik sum påløpt rekneskap i kolonne F, kr 33.962.052,-. For å ha vedtak på innkjøp av resterande inventar og utstyr, vil vi gjer framlegg om å overføre nokre av budsjettpostane til eit nytt prosjekt, med ei kostnadsramme på kr 600.000,-, finansiert med kr 120.000,- i mva-refusjon og kr 480.000,- i lånemidlar. Sjå kolonne P. Budsjettt på prosjekt 370 vert redusert tilsvarande (revidert budsjettt i kolonne Q).

Det reduserte budsjettt på proj. 370 har total kostnad inkl. mva på kr 33.422.122,- (kol. Q). Rekneskapen pr 31. aug 2014 viser ein totalkostnad på kr 33.962.052,-, kr 539.931,- høgare enn budsjettt. Samstundes er inntekt frå mva-refusjon kr 491.232,- høgare enn budsjettert. Prosjektkostnaden minus mva-refusjonen er såleis berre kr 48.698,-, høgare enn budsjettert. Dette utgjer 0,17% av sum prosjektkostnad minus mva-refusjon, som i det reviderte budsjettt i kolonne Q viser ein sum på kr 28.206.136,-.